

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2011

Brødrene frå Ualand

Side 2-4

BU i støtet

Side 8

Julegrana tennes

Side 10-11

Jæren Young Cowboys

Side 26-27



Stolte jenter med plaketten

side 18-19



Brødrene frå Ualand som driv med kvar sitt handverk

Marton Ueland

I Brekkeveien held Marton Ueland hus, og her viser et skilt på garasjen at han driv både møbeltapetsering og rammeverkstad. Marton er nr 12 i syskenflokken på Ualand, og han var bare 13 år då faren døydde. Då var Marton, ilag med broren Anton, heime og hjelpte til å driva garden med mora som sjef, fram til han reiste i militæret.

Under bygging av ny løe på garden, såg Gabriel Bø potensialet i Marton, og han vart tilsett som murar og dreiv med dette i 3 år. Denne lærdomen har kome godt med seinare i livet, både ved bygging av eige hus og ved hjelp hos born og andre. Deretter valde Marton å gå på Handelskulen, før han køyrde eigen melkebil i 2 år. Deretter tok han Yrkesskule i mekaniske fag, og etter å ha vore innom både Polaris, Reime og Jæren Landbrukssenter, fekk han jobb på Brøyt og der blei han verande i 15 år. I dei åra tok han Teknisk Fagskule, og hadde arbeidet sitt i utviklingsavdelinga på teiknekontoret.

Han starta med kurs for grave-maskinkjører på Brøyt, og etter kvart vart han hyrt inn av Bryne Yrkesskule 2 dagar i veke med opplæring i forbindelse med Arbeidskontoret. Fekk så tilbud frå Time vidaregåande om å starte opp filial i Nærbø Samfunnshus for mekaniske fag, og på det meste var det 120 elever på Nærbø. Det var ei hektisk tid, og etter kvart fekk han eit vikariat som



Undervisningsinspektør, før han fekk fast tilsetting i denne stillinga. Han hadde då teke vidare utdanning i Maskinfaget og i Kongsberg tok han vidare utdanning i datastyring av maskiner. Han hadde då kurs for lærarar frå andre yrkesskuler om datastyring av maskiner, så dette var ei spennande tid. Marton var tilknytt Yrkesskulen i 30 år, og tok også ei 3 årig utdanning i Spesialpedagogikk. Han såg at i arbeidet med undervisning hadde han god bruk for dette, og for å kunne lage opplegg for dei svakaste elevane som då kom inn i skulen. Det var og ofte elevar som ikkje klarte eller ville tilpassa seg vanleg skule, som ein klarte gje eit opplegg som fenga og som fekk vekt interessa for kunnskap og opplæring. Marton seier at han alltid har hatt eit ekstra engasjement for dei svake i samfunnet, og følte at han klarte å gjera noko for enkelte.



Frå redaksjonen

Då eg kom heim frå ferien låg det 18 "brev" å venta på meg (stoff-frist dagen før), og størsteparten var til Varhaugbuen. Dette var kjempegildt. Sær gildt var det med dei flotte innlegga frå BU. Ein stor takk til alle som kjem med innlegg til bladet. Det er de som gjer at me får eit gildt blad med variert innhald. Styret fastset kva ein vil ha med til kvart nummer. Men det er ikkje alltid det går etter planen, og då er det ekstra gildt at det kjem nokon "utanfrå" me stoff. Det set me stor pris på

Så er 4H festen og over. Det er mykje kreativitet i ungane som veks opp, både når det gjeld utstillingar og ikkje minst underhaldninga på festen. Dei er så scenevande og naturlege når dei opptrer med song, dans og anna.

Skulen er og ein god plass å vera, for i auditoriet får alle med seg det som skjer. Eg var heldig og fekk ei kjempestor fruktkorg på utloddinga.

Nummer fire av Varhaugbuen, skal som vanleg ut før julegrana vert tend. Håper veret vert fint den dagen, slik at dei som skal gå rundt treet slepp å frysa eller verta blaute.

Takk for nok eit gildt år som redaktør for Varhaugbuen. Eg ynskjer alle ei fin julehelg, og eit godt nytt år.

Liv

IH

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Maskinstasjon:
■ Skurtresking
■ Traktor og dumper

Verksted:
■ Salg av landbruksutstyr
■ Salg av landbruksdekk/felger
■ Reparasjon av landbruksdekk
■ Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN

Orkol Direkte

Jan Gunnar Undheim
Kontorveid - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 59 08 -
Mob. 96 32 84 10 / 97 72 90 68





Karsten Ueland

Han vaks opp på gard på Ualand i en syskenflokk på 14. Han var nr 9 i rekka, men det var han som overtok heimegarden i 1964. Han var bonde i 32 år. Han hadde tidleg bestemt seg at då han skulle slutta å driva garden, skulle han og kona flytta ned til stasjonen, noko dei så gjorde i 1996.

Han starta då som møbelsnekker hos Stokkeland Tre på Hellvik, der han var i mest 3 år. Der dreiv dei med innredning til butikker bl.a. Cubus.

Karsten laga seg til snekker-verkstad i ei bu på utsida av huset, der det starta med at han laga sjølproduserte gaver til ungane til jul, vogger og senger til barnebarn og litt på forespurnad. Nå kjem folk på døra og handler, og det han sel mest av er brunner, hagebenker, trillebåre og trestamp til å ha blomer i. Han går og rundt og tek på seg forefallande tømmerarbeid, som skifting av vindu, sette opp en levegg eller garasje, spikra en terrasse og anna som blir forespurt.

Faren var utdanna skomaker. Hadde gått i lære hos broren Andreas på stasjonen, og han dreiv og med reparasjon av klokker. Tresko til alle ungane laga han alltid sjølv. Mange av syskena er flinke med hendene og driv med både trearbeid og anna.

Varhaug Musikklag er ei interesse som Karsten prioriterer, og dei øver kvar 14 dag. Elles er dei og ute og syng på ulike arrangement, både på Misjonshuset og andre stader. Til å vera 78 år verkar Karsten usedvanleg sprek og energisk. Etter å ha fått hjelp mot herteflimmer, har han ingen planer om å trappa ned på nokon aktivitet dei næraste åra.

Ekteparet har sjølv 6 born, 3 gutter og 3 jenter, som bur i Mandal, Stavanger, Nærbø og Varhaug. Dei har 11 barnebarn og 1 oldebarn. Dei har alltid trivst i huset på stasjonen, og lengter ikkje tilbake til garden på Ualand. Når er det dotter Elisabeth og mannen som driv heimegarden.

Huset i Svanevegen er bygd på jorda som tilhøyrd hønsegarden til Jon i Dubland, så graset og blomar gror usedvareleg godt hos ekteparet. Dei har fått mange kommentarer etter at ungane investerte i en "robot" som klipper plenen og gjer arbeidet for dei. "Det er toppen på latskap" seier ein nabo. Andre har kommentert at det er grusomt at "tenaren" klipper plen til og med i kyrkjetida. Men intervjuaren kan streka under at plenen er usedvanleg fin, så klipperroboten gjer ein god jobb, der han tusler stille rundt i hagen.

Me seier takk for praten!

IH



I denne søte førjulstid

Det er godt mogleg det finnest ein slags diagnose på sære tilfelle som meg. No skal jo alt og alle diagnostiserast sjølv om inkluderingsamfunnet er ekstremt opptekne av lausdrift og at ingen skal setjast i bås. Eg er kan hende ein slags melankolsk middelaldrande kvardagstype med greie urinvegar, **normalt hårtap** og svakt redusert kroppshaldning.

Det betyr at eg fungerer best på dagar der blautkokt, salmonellafritt, egg og tørr fårepølse står på menyen. Eg liker best Øglænd-dongeri, seld over disk hjå IT, andre høgda i 1985, og eg er tilhengar av **slitne sko** som er gode å gå i og som liknar på dei Rakel Lerbrekk selde då eg vaks opp etter krigen. Altså før etablisementet sine nye innehavarar erstatta gummisolær og kalosjer med chop suey og søtsur, innbakt kylling. Selskapsetikette med strame slipsknutar, botnlaust djupe utringingar i selskapskjolar av nervøs fløyel med diadem frå Dior, skjøre kanapear og krystalliserte champagneglas er heilt ok berre eg slepp å vere ein del av det.

Det nærmar seg månaden der det skal kimast friskt i kalde desemberklokker over at det hev ei rosa sprunge. I skrivande stund, ei dryg veke ut i november, har butikkane begynt å **ommøblere i hyller** og frysediskar for å få plass til alt som høyrer til den søte juletid i det dunkle og jul med din glede, og mi barnlege lyst til å hoppe av heile greia.

Det bogonar feitt, nyrøykt og svimlande av ribbe og pinnekjøtt og julemarsipan frå Nidar, medan pyramidestablane med nissepynta juleøl i gilde kulørar strekkjer seg mot himmelkvelven som lokale utgåver av Keopspyramiden. Meininga til Ringnes, Hansa og Mack sine bryggjeri er neppe å fremje julebodskapen ved å stable i pyramideform og minne **travle julekundar** om Maria, Josef og den nyfødde nøkkelpersonen si dramatiske flukt frå terrortrugsel i fredelege Betlehem til opphald på humanitært grunnlag i Egyptens land.

Desember er månaden då så glade er vi at den gamle fattige norske bondekulturen blir glorifisert og kommersialisert. Det blir eit must å lute fisk, sylte svin, bere vatn, skure golvet, få neglesprett og **fyre med ved**. Sjølv om frysa som held maten fersk, vatnet som er i springen saman med varmpumpa, klimaendringar og det litauiske reingjeringsbyrået i dag har teke over for gamle dagars naudsynte gjere-mål.

Jul eller ikkje. I år har eg bestemt meg for å ikkje late meg provosere av førjultidas kommersielle tradisjonsdyrking, plastglitter og grimme stas. Så når Sissel Kyrkjebø si gilde røyst framfører Deilig er Jorden, medan eg berre skal raske med meg heim eit grovbrød frå Arne Johannesen på Rimi i Hillevåg, så har eg bestemt meg for å synge med, medan eg nikkar og helsar på eventuelle små og **store nissar**, tus-sar og troll, frelsesarmésoldaten som sel Krigsropet, den rusavhengige som sel Asfalt, ryfylkebonden som sel juletre og eventuelle kundar som mot alle odds måtte møte mitt anti-shoppingblikk.

Vidare skal eg passe meg for å ikkje bli som ho i Skomakergata. Fru Anti Hjul. Om eg ikkje kjem til å gå rundt ein einerbærbusk og **klappe i hendene** og neie og bukke i pur jubel over frostsprengt desemberbudsjett, vil eg som dei tre vise freiste å løfte blikket mot den høge og mørke desemberhimmelen og undre meg over dei eksistensielle spørsmåla og alt eg ikkje forstår. Og blir det for mykje av det gode, og mitt sinn monne flyve så vide omkring, så skal eg finne fram fenalåret som heng i kjellartrappa og gle meg over dei nære tinga.

Til og med ein kvardagselskar kan gle seg over høgtid og helg med eit fenalår på voksduken på kjøkkenbordet og lyden av Jussi Bjørling og **O helga natt** frå radiokabinettet!

Sjur

Tilbake etter 55år

Ho ville så gjerne når det vårast, ta turen til Varhaug for å vitja Lerbrekk Skule. Kanskje kunne ho då få møta nokre av sine tidlegare elevar som ho gav lærdom for 54 år sidan.



Dette ynskje ga Kjellfrid Ullestad uttrykk for i ein telefonsamtale hausten 2010. Lerbrekk Skule – i 1956 – var hennar fyrste møte med elevar i eit klasserom som ung lærarinne på vel 20 år.

Ettermiddagen, laurdag 28.mai -11, steig det ut av bilen ei flott, litt eldre dame med hår av sølv. Det var Kjellfrid som me hadde hatt som lærarinne i 2. kl. i 1956. Fjorten av hennar elevar hadde høve til å kome

saman for å møta ho igjen denne fine ettermiddagen, etter så mange år. Ho var overvelda og nesten rørt då ho sette foten innanfor døra til lærar Framnes si stove og fekk sjå alle 63 åringane som sat musestille og spante.

Fyrst fortalde ho om seg sjølv og om åra etter Varhaug. Då ho kom til Lerbrekk, budde ho på loftet hjå Klara og Håkon Håland og var ikkje ferdig utdanna lærarinne. Ho hadde gått fyrste året på lærarskulen i Stavanger, men grunna lærarmangel i Noreg måtte elevar takast ut av skulen for å dekkja dette behovet. Deretter bar det attende for å fullføra utdanninga.

Ho var vore lærar og undervist på Solborg Folkehøgskole og den einaste av oss som har møtt henne etter året på Varhaug, er Ågot te Lima. Ågot var elev der på den tida. Kjellfrid hugsa også godt Varhaugbuen Bjarne Fitje. Han var lærar i mange mange år på Solborg. Seinare har ho vore på Madagaskar som lærarinne og styrar på skule for innfødte og misjonærbarn. Lengst tid og fram til ho vart pensjonist, heldt ho til på ein skule i Oslo. No bur ho tidvis i si leilighet i hovudstaden, tidvis i sitt hus ved barndomsheimen på Røyneberg.

Det var eit hjertelig gjensyn med mange klemmar og helsingar. Me fortalde kvar og ein om oss sjølve før me gjekk inn i skulestova – elevane til sine pultar og lærarinna bak kateteret. Mange bilete vart tekne til minne om dagen.

Vitjinga var meint å vera kortvarig, men alle vart værande saman i nesten fire timar. Når folk trivast og har mykje å snakka om, går tida altfor fort. Me kunne halde saman endå lengre. Gildt var det og takk til Kjellfrid for at du kom slik at med fekk møta deg igjen.

Ingvar

SPARING

Opprett en spareavtale i dag!

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon 02002 eller se www.sr-bank.no for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank 1
SR-BANK



Litt lyd frå Vennelaget Lerbrekk skule

Tenk me noterar alt November. Tida fyk,- og me kan sjå attende på ein triveleg haust på Lerbrekk, med mange utleigedagar og samlingar i Vennelaget. F.eks. så kom Vigrestad Pensjonistkor og skapa storsongglede på søndagskafeen i oktober, og nå i november kom Varhaug Skulekorps med friske tonar og takter. Dei unge aspirantane hadde eiga avdeling. Kjempebra. Må og få gje honør til dirigenten Lars Ole Bergersen, som er så dyktig og allsidig.

Elles står fleire familieselskap og barnedåpselskap på utleigelista, for resten av året.

Med bakgrunn i all aktivitet må eg få takka den gode pensjonistgjengen som tek seg av reinhald og orden, - år ut og år inn.

Ein'' utvida''pensjonistgjeng kom og saman i eldhuset på Lerbrekk 7. november, for å baka lefsa. Det går med ein del av slikt både til gaudafesten og julatrefesten.

Vil og få takka for alle godord frå leigetakarane som opplever det'' så koseleg å vera her.'' Det gjev oppmuntring til å halda på.

Og snart skal me pynta juletreet endå ein gong,- og invitera til gamaldags julatrefest m''påsa'' 4. juledag.-28. desember.kl 18.00

Heile famelien er så hjarteleg velkommen. Oddmund Nord-Varhaug held andakt. Agnes og Olav kjem med trekkspela, som gjev oss god gang rundt treet.

Helsing Sigbjørn V.

Folkehelseprosjektet - slynge trening i Varhaug Idrettshus



Folkehelseprosjektet i Hå kommune held fram og er i gang for fullt på Idrettsanlegget på Varhaug. 3 gonger for veka er unge og eldre samla for kjempegod trening etter først ein halv times gange eller jogging. Mandager er for litt vidarekomne, mens onsdager er litt meir moderat og torsdager vart sett i gang for nye. Mandag og onsdag er det nokså stabilt med folk som trener, og det er ofte 15 stk. som svettar og tøyer inne i gamle salen i Idrettshuset. Det er ei veldig kjekk form for trening, og styrke og smidighet blir forbedra godt ved denne form for trening. Lars Erling Friestad er til stades dei fleste kveldane, men mandag er det Åsbjøn Ueland som er pådriver. Treninga kan anbefalast for alle, så det er berre å møta opp eller ta kontakt.

Ih



HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runco@hrd.no



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



Varhaug Bygdeungdomslag: i STØTET!

Varhaug Bygdeungdomslag har dette året vore aktive med mykje nytt. Nytt styre er på plass og me har prøvd å halda fram med den gode trenden. Sidan sist har me delteke på Jærmessa. Her hadde me eige dyretelt, dessutan hadde me ansiktsmaling som på Varhaugmarken. Styret ha også vore i Lyngdal på styrekurs saman med alle lokallagstyra frå Rogaland og Hordaland. Dette var ei kjekk lærerik helg som me har droge mykje nytte og inspirasjon av. Me held også frem med den etterkvart så tradisjonelle quizen på Stallen pub på Bryne med jabne mellomrom.

8. oktober var det duka for tevlingsdag på Orre. Me var eit par frå Varhaug som var ivrige og ville være med å delta, dette lønna seg. Me vil gratulera følgjande personar med palleplassering:

3. plass Fylkesmesterskap i 5 om dagen (senior):
Olav Varhaug, Gunnar G. Skretting og Ane Eckhoff Varhaug

3. plass Fylkesmesterskap eksteriørbedømming ku (senior): Olav Varhaug

2. plass Fylkesmesterskap Osteanretting (junior): Maren Kvía

1 plass Fylkesmesterskap (junior): Maren kvia

Ane Eckhoff Varhaug



Maren Kvía tevla for fyste gong og stakk av med 2 palleplasseringar. Her konsentrerer ho seg under osteanretting. Bra jobba!



Fatet til Olav Varhaug, Ane Eckhoff Varhaug og Gunnar G Skretting. Dei kom på 3. Plass på lagtevlínga í "fem om dagen"



Auksjonsveka 2011



Koseleg i Garasjen på Internatet. Håvard Håland, Tobias Ueland Håland og Maren Ueland har teke på seg varme klær og venter på at maten skal verta ferdig.



Gunnar og Glenn Henning gjer seg klar.

Grillkveld på internatet:

Tysdag i aksjonsveka til Rogaland Bygdeungdomslag valte me i Varhaug Bygdeungdomslag å arrangere grillkveld. Me var nemleg ikkje villige til å gje slepp på sumaren enno, sjølv om det var første dag i november. Me var så heldige at me fekk sponsa 5 kg pølser av Skrettingen(!), og attåt hadde me pastasalat, pinnebrød og saft. På grunn av veret var me nøydd å rigge til i garasjen, og me fekk tak i eit arbeidslys, ettersom det allereie var mørkt ute. Sidan veret var som det var, var me redde at mange ville halde seg heime, men eit oppmøte på 17 personar var betre enn forventa.

Spelekveld:

Glenn Henning Salte og Gunnar G. Skretting arrangerte spelekveld måndag 31. oktober. Ein liten gjeng samla seg på det nyvaska BU loftet på Varhaug og spelte brettspel og slappa av, ein fin aktivitet den siste haustdagen i oktober. Desse to gutane er ivrige og glade i å ta i eit tak for lokal-laget sitt.

Av: Ingfrid Viland og Ane Eckhoff Vahaug,

foto: Olav Varhaug



Førjulstid



Søndag 11. desember kl. 19:30, blir det konsert i Varhaug Kyrkje

- Vigrestad Brass Band • Morten Helvig, Orgel • Silje Eckhoff Varhaug, Altsaksofon •
- Solveig Bergersen, Solosang • Lars Ole Bergersen, Fiolin •
- Solfrid Undheim Bergersen, Fiolin • Tekstlesing •



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Program i Stuelandbygget 25. og 26.november



Fredag kl 17.00: Asbjørn serverer gløggen tante Liv har laga



Fredag kl 17-19: Kom og vær med å pynta dine egne pepperkaker



Fredag kl 18.30: Korpset kjem på besøk og spelar for oss



Lørdag kl 10: Nissespinning på Pulsen



Lørdag kl 11: Salg av grøt hos Spar



Lørdag kl 11: Kulturverkstad, 1.klassingar frå Varhaug og Vigrestad
Ragnvald Wernøe og Torleif Søyland
underheld med pianospeling



Utvida opningstider hos Sport1 og

Lotus denne helga:



fredag kl 9 - 20 • lørdag kl 9 - 14

Julegrantenning på Varhaug

fredag 25. november
kl. 17.30

Korpset spelar,
dansegruppa i Minikoret og
gruppe fra Hanaja deltek.
Besøk av nissen



Foto: Asle Haukland

Berentsen eplemost
6 pakk. **kr 24,90**
(+ pant)

Klementin
pr. kg **kr 9,90**

Roxman potetkaker
pr. pk. **kr 19,90**

Åpningstider
Man-fre **08.00-21.00**
Lørdag **08.00-18.00**

SPAR VARHAUG

Hjertelig velkommen til Spar Varhaug • Tilbuda gjeld fredag 25. og 26. november



Her ser de dei nye kleda til VIL



Lotus sine klede



Litt av kleda til Lars Gaute



Stueland byggget jubilerte

22. oktober hadde både Spar Varhaug og Lars Gaute bursdag, heile 10 år! Dette vart feira med at Spar ordna med brunsj i "foajeen", motevisning i "gata" mellom butikkane, flott musikk av "Dei tri" som har dette på kortet sitt: "Musikk til alle anledningar".

Dei tri var nå verkeleg 4: Martin Våland, Grete Våland, Jarle Obrestad og Kjell Gudmestad. Dei var verkeleg flinke, så det vart ein gild føremiddag med fin musikk, god mat, godt drøs og mykje fint å sjå på.

Lars Gaute hadde motevisning, og her vart mellom anna det nye merket til VIL presentert av både store og små. Til og med nattklede kan ein frå hos Lars Gaute. Mange fine julegåve tips her!

Lotus synta og ein kledesamling for både vaksne og born.

Det var gode tilbod i butikkane, og hos Fix it Frisør vart borna ganske så fine på håret.

Liv

Nytt styre i Svala 4H



Me har i kveld hatt årsmøte og nytt styre blei:

Leiar Hanne Borsheim • Nestleiar Camilla Skrettingland • Kasserer - Erik Bratland
styremedlemmer - Marie Hauge Auestad • Jone Hegrestad • Signe Brådland • Maren Iren Kvía.
klubbbrådgjevarar er May Helen Skrettingland • Brit Elisabeth Bratland • Jan Rovik.

Hilsen May Helen

Velkommen innom til ein trygg handel!



NB! Utstyret følger ikke med



butikken
www.mer enn du tror.no

Mollevæien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70



Hå skulesjakk



Barneskulelaget

Fortsatt har me ikkje speling i gang på Varhaug,- men dersom nokre vil vera interessert, så vil me starta opp ei gruppe her og, antakeleg etter jul.

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i det gamle biblioteket, (ved jernbanen) i dei nye lokalane som no er "kulturtorget Vigrestad". Første gongen i haust var 1. september.

I fjor starta me opp skulesjakk på Nærbø. Det er tysdagar 1730-1845 på Bø skule og her er det 3-4 gutar som deltek.

Helga 16-18. september var det NM for lag i Stavanger. Og det vart ny rekord i deltaking med 182 deltakarar. Me i Hå Skulesjakk deltok med to lag, eit i ungdomsklassen (der me vart sist av 17 lag) og eitt i barneklassen (der me vart nr 18 av 22 lag).

29. oktober var det KM i sjakk på Sandved med 117 deltakarar. Frå Hå skulesjakk deltok 3 spelarar, og i nybegynnerklassen vart Ari Maman (8 år frå Nærbø) nr 5 av 26 spelarar. I gruppe G (spelarar 9 år og yngre) var det 36 deltakarar og Elias Aarsland vart nr 19 og Josef Auklend vart nr 31.

I starten av 2012 vil me i Hå skulesjakk arrangere Hå meisterskap for skuleelevar som går på ein av skulane i Hå. Her er to vandrepokalar sett opp, og ein spelar i to klassar: nybegynnar og dei med erfaring. Antakeleg vert det 3. mars.

Me i Hå skulesjakk vil arrangere BGP turnering på Varhaug misjonshus sundag 4. desember. Her vil foreldre til sjakkspelarar vere med på dugnad på matservering, og det



Ungdomsskulelaget

er sett opp pengepremier til dei eldste klassane, så me håpar på god oppslutning og mange sterke spelarar frå heile Rogaland. Pr i dag (8. november) er det 9 påmeldte. Sjå eigen side med invitasjon til turneringa annan stad i bladet, og påmelding kan gjerast på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/termin.htm> som peiker til <http://tournament-service.com/invitation.aspx?TID=HaBGPUGP2011-SandnesSjakkklubb>.

For Vaksne er det tilbod om å kome til Hå kulturtorg, Vigrestad på torsdagar etter skulesjakken, frå kl 1900 til 2100. Då er det nokre gubbar som spelar, men dei har ikkje vore særleg aktive i haust.

Eg minner enno ein gong om at det er ein del forskning kring sjakk og personlegdomsutvikling. Og den viser at sjakk er sunt. Sjå Rogaland sine nettsider for sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/sjakkiskolen.htm>

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Sjakk deltakere Smeaheia



Hå skulesjakk inviterer til **HÅ BGP/UGP**

Søndag 4. desember 2011
På Varhaug Misjonshus, Varhaug
Adr. Ånestadvegen 21, Varhaug
Oppmøte senest kl 1030
Start kl 1100
Premieutdeling ca kl 1700

Forhåndspåmelding innen fredag 2. desember
kl. 2200 online på turneringsservice
eller på e-post per.a.jakobsen@lyse.net eller ved
telefon til Per-Arvid Jakobsen 92617652
(Husk å få med fødselsdato).

Turneringen har 6 runder Monrad,
25 minutt pr. spiller pr. parti

Turneringa blir inndelt og premiært i klassene:

- A. mikroputt (f. 2002 og senere)
- B. miniputt (f. 2000-2001)
- C. lilleputt (f. 1998-1999)
- D. kadett (f. 1995-1997)
- E. ungdom (f. 1985-1994)
- F. nybegynnerklasse (for de som er helt ferske i sjakksammenheng)

Alle blir premiært i klasse A, B, C og F.

Det blir felles pengepremiering i klasse D og E:

- 1. premie 1000,- kr
- 2. premie 500,- kr
- 3. premie 300,- kr.

Deltakerpremie til alle.

Ved lite frammøte i en eller flere klasser kan disse
bli slått sammen men premieres hver for seg.
Startkontingent: kr. 100 i alle klasser innen fristen
og kr. 125,- etter .

Turneringsledere :

Erlend Stangeland og Erik Høidahl

Hå skulesjakk vil ha kafé under turneringa, og vi
serverer bl.a. risgrøt.

Velkomne til en hyggelig sjakkdag på Varhaug i Hå!

Om Varhaug bondelag



F.v. framme: Oddvar Ueland skulekontakt, Tarald Ånestad nest leiar,
Arild Helland, 1. varamedl.


F.v. bak: Anette Håland sekretær, Ole Andreas Aarsland leiar, Tommy T
Skeretting kasserar

- Eit mål med arbeidet vårt er å halda på den produksjonen av landbruksprodukter som er her i bygda vår.
- Me ventar på den "nye landbruksmeldinga" som skal avløysa St.Meld.nr 19. Her kjem det sikkert ting som me er både enige i og uenige i.
- Gjødselføreskriftene er ca 20 år gamle. Nye er på veg, og vi i Varhaug Bondelag meiner at det forsatt må vera lov å gjødsla med naturgjødsl.
- Økonomiske virkemiddel frå jordbruksforhandlingane, som å flytta pengar over til produktmengder, grøfter, areal og nye bygg.
- I vår når lanbruksdep. kom med forslag om ny kvoteordning på melk uttalte me oss, og mange andre lag, i mot desse. Det medførte at departementet trekte forslaget tilbake. Det viser at det nyttar å engasjera seg.
- Bondelaget skal ha skulefrukost på ungdomsskulen i november.
- Når ungdomsskulen har tema om yrkesval tek Bondelaget med seg 10. klassingane på dagstur til Kviamarka for å sjå på dei ulike næringane der. Denne dagen blir avslutta med eit fjosbesøk i bygda.
- Bondekafe 16. februar.
- Har du som bonde synspunkter på ting, ta kontakt med styret.

Referat fra medlemsmøte i Varhaug Bedriftsforening

Tid: tirsdag 25.10. 2011

Sted: Gamle salen, Idrettshuset, Varhaug



Totalt 21 personer kom fra kl 7:30 for å starte med en god frokost som idrettslaget hadde laget. Etter en halvtime startet møtet med en introduksjon der bedriftsforeningens leder Ingeborg Lea Omdal gikk gjennom formålet med møtet, hovedpunktene i bedriftsforeningens handlingsplan, og programmet for dagen. Med bakgrunn i tidligere medlemsmøter der tilgjengelig utbyggingsareal har vært et gjennomgående tema, hadde hun laget en oversikt over industriareal og arealer i sentrum i kommuneplanens arealdel.

I neste post på programmet tok Birger Haraldseid oss med på noen refleksjoner omkring vår felles framtid i storbyregionen, og hva vi i randsonen kan bidra med, og finne vekst og utvikling innenfor. Sentralt her står å kunne tilby rimelige, attraktive boliger i et presset boligmarked, og hyppige togavganger for pendlerne. De små kommunene må benytte seg av drivkraften i de store kommunene. Folketallet i Stavangerregionen vokser raskere enn i landet for øvrig, og her må vi være med og sikre oss vår andel av dette. Haraldseid, som er oppvokst på Varhaug, arbeider nå i Greater Stavanger, der de nettopp skal fremme Stavangerregionen i konkurranse med andre regioner i landet. Denne konkurransen dreier seg om oppmerksomhet, markedsadgang, lokaliseringer, etableringer, arbeidskraft og tjenester. Haraldseid ivrer for at regionen vår skal være en attraktiv region med kommuner med mange ulike kvaliteter som utfyller hverandre. Greater Stavangers hovedmål er at Stavanger-regionen innen 2020 skal være storbyregionen med størst konkurransekraft og verdiskapningsevne i landet. Etter at Hå valgte å avslutte partnerskapet, består selskapet Greater Stavanger av 15 kommuner. I tillegg inngår også fylkeskommunen i partnerskapet. I regjeringens storbymelding, som bruker avgrensinger definert av SSB, består Stavanger-regionen av 14 kommuner, fra Hå i sør til Hjelmeland i nord. Slik han ser det er hele regionen preget av gjensidig avhengighet, og utfordringene disse: Næringsarealer, infrastruktur, tilgang på boliger/arealer og tilgang på kompetanse – rett og slett tilgang på fagfolk. Og for matnæringene avhenger videreutvikling av nytenkning og strategisk langsiktig satsing i hele verdikjeden, på områder der regionen har naturlige og varige fortrinn.

Etter denne hjelpen til å løfte blikket, fikk vi fokus vendt til Stasjonen, idet Asbjørn Stueland og Steinar Haugseng informerte om status og planer for de eiendommene de representerer; Stuelandbygget og gamle handelslaget. Som det ganske riktig ble påpekt i møtet, er det mye folk som besøker forretningsbyggene i hver ende av sentrum, men det er et dødpunkt på midten. Men etter å ha sett Steinars skisser og planer, og hørt hans oppkomme av ideer, har vi håp om at sentrum snart vil ha aktivitet og handel i hele aksene mellom Mega og Spar.

Nyvalgt ordfører Mons Skrettingland, var den av politikerne som takket ja til invitasjonen fra oss, og ble med oss på møtet, og han var nestemann ut på programmet. Han er godt kjent med gjengangeren om å få tilgjengelig industriareal på Varhaug, og den pågående reguleringsaken i Tjemslandmarka. I likhet med VBF er han utålmodig, og vil sette inn krefter på å få planen fullført. Han vil også følge opp kommunestyrets vedtak om å henstille til Vinmonopolet å etablere seg i kommunen. For øvrig kom det innspill og tanker som både ordfører og bedriftsforeningens medlemmer vil ha med seg videre i sine respektive hverdager.

I møtets avsluttende del redegjorde leder kort for styrets aktivitet hittil. Da 1. varamedlem Bjarte Kydland har gått over i stilling hos arbeidsgiver som ikke er medlem i VBF, er 2. varamedlem Kine Nord-Varhaug rykket opp til 1. varamedlem med fast fremmøte i styret. Rune Odland ble ved akklamasjon valgt til nytt 2. styremedlem frem til årsmøtet. Videre ble det kort informert om en henvendelse fra Arnstein Skretting som har tatt initiativ til et kunst- og utsmykkingsprosjekt, med oppfordring til velvillig medvirkning fra de medlemmer som måtte bli kontaktet. Avslutningsvis ba leder om innspill til bedriftsforeningens handlingsplan som må rulleres i årsmøtet, og minnte valgkomiteén om at årsmøtet ikke er så mange månedene unna, før møtet var ferdig kl 10:00.

Varhaug 25.10.2011
Ingeborg Lea Omdal
Leder
932 59 970
ingeborg@jermester.no

Nytt frå Misjonshuset

Varhaug Misjonshus har adresse Ånestadvegen 21, men det er ikkje nokon postkasse på den adressa, så det er ikkje alltid at brev med den adressa kommer fram. No har me fått postadresse med bruk av postboks: boks 103, 4368 Varhaug. Postboksen vert sjekka av formannen i styret for misjonshuset.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til nettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonshus.no

Det er kontortid måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

I haust vil det verte julemesser som vanlig i november, 18-19/11 er det Misjonssambandet si messe, og 25-26, november går Misjonsselskapet si messe av stabelen.

Elles er det no fast at annankvar søndag kl 1930 er det felles møteopplegg

som kallas "SUNDAG", med mykje lovsong og ein enkel tale, kaffe og frukt, og forbønn. Eit spennande konsept, der ein rød tråd er årets tema "2011 - Eit liv med Jesus"

Misjonshuset har ved fleire høve annonsert og lett etter ein person som kan jobbe som ungdomsarbeider i ein deltidsstilling. Men det har ikkje lukkast å finne denne personen, - så no vil ein ikkje leite aktivt lenger, og gjevartenesta som ein starta for å finansiera denne stillinga vil verte avvikla.

Misjonshuset har rett før jul i mange år hatt ei stor samling der alle kor og skulekorpset har deltatt. Også i år er alle velkomne til "me syng jula inn", 18. desember kl 1800.

Same dagen vert det også den årlege eldremiddagen arrangert, og det er kl 1400.

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid



Novembermøtet til Varhaug bygdekvinnelag

Torsdag 24. november kl. 19.30 samlast me i Aniksdal og "Julefjaset te Eva". Der vil Anne Berit syna oss korleis ho lagar dør kransar. Det vert servert riskrem, kaker og kaffi. Vidare vert det opplesing, allsong, årsal og kos samt høve til kjøp av dør kransar eller anna.

Alle velkomne.



Strikke kaffeen

Måndag 5. desember kl. 17.00 er siste gongen bygdekvinnelaget samlast på velferdssenteret med spødet i 2011. Men me reknar med å starta opp att i 2012 og. Kom og vær med oss, det er plass til fleire.

Mandags badinga i Stampen

Kvar måndag kl. 18.00-19.00 er me ein gjeng som samlast i Stampen til god gymnastikk i det varme vatnet. Det er plass til fleire, så kom og vær med oss på nyåret.



Haustfest 2011

Svala 4H



*Ingebjørg Bratland og
Marte H. Auestad*

Fredag 21. oktober hadde me haustfest i Svala 4H. Me var ca 150 stk samla i aulaen på Varhaug skule. Etter opning av festen ved leiaren i klubben starta underholninga for kvelden med ein fellesdans, der dei fleste medlemmane var med å dansa. Dette blei fulgt opp med endå meir underhaldning av kjempeflinke medlemmar.

Vi var også så heldige å få besøk av vår nye ordførar, Mons Skrettingland. Han hadde ikkje lært seg 4H løftet, men lova å læra seg det til neste haustfest. Skrettingland kom med helsing frå kommunen, og overrakte ei gåve til klubben.

Etter dette stod mat på programmet, som bestod av gryterett med brød. I tillegg til matserving var det også sal av årer.

Etter matpausen fekk me litt meir underhaldning, blant anna ei flott mannekengoppvisning og ei bildeframvisning frå 4H året. Torill Søyland Utbjoa representerte 4H Rogaland, og stod for høgdepunktet med merkeutdelinga til 32 medlemmar som hadde gjennomført 4H året

og fekk utlevert merker og sølvskei for god innsats. Me hadde i år to plakettmottakarar i Svala 4H, som begge har gått i 4H i 9 år. Dette var Ingebjørg Bratland og Marte H. Auestad.

Også i år fekk me besøk av organisasjonar som ynskja å gje premie til medlemmane som hadde best gjennomføring av prosjekt. Premieringa blei slik:

- Jesper Lerbrekk vann med prosjektet «Sau» tildelt frå Jæren sau og geit
- Marte H. Auestad vann med prosjektet «Matstell» tildelt frå Varhaug Bygdekvinnelag
- Camilla Skrettingland vann med prosjektet «Litt om meg sjølv og andre» tildelt frå Varhaug Bygdeungdomslag

Sist, men ikkje minst hadde me utlodding, med premier som fruktkorger, 4H-artiklar med meir. Av inntektene frå årsalet går 50% til klubbarbeidet og 50% til 4H sitt hjelpeprosjekt "Hand of Hope", som går ut på å bygja brønner i Sierra Leone.



Frå utstillinga



Coop Varhaug

Gode tilbud på mat og gaver!



Alle våre avdelinger
har nå åpent
hverdager 8-21 og
lørdag 9-18
Velkommen innom!

**coop
mega**

coop
Høyland
og Jæren

**coop
byggmix**

Magne Klingsheim

Stortalent på to hjul

Kleppguttene Magne Klingsheim (16) har kjørt motocross siden han var 4-5 år. Han har de to siste årene blitt norgesmester i klassen MX 85 13-15 år.

I år gikk han over til større sykkel, han har kjørt Yamaha YZ 125cc totakt. I NM dette året har han kjørt i klassene MX 2 junior 14-18 år og MX 2 åpen, som er fra 14 år med fri aldersgrense oppover. I tillegg har han kjørt full EM serie ute i Europa, og kjørt de rundene i Vestlandsmesterskapet som ikke har kollidert med andre løp.

Magne har også debutert på landslaget i år, og var med de på to treningssamlinger i Belgia og Italia i vinter som et ledd i oppkjøringen mot sesongstart. Han var også med Norges toppidrettsgymnas 5 uker på samling i USA. Og når Elgane motorsykkelklubb inviterte hele crossNorge til trening i påsken, da var han og trente der. Magne er svært takknemlig for at mange ildsjeler i klubben legger ned så mye arbeid i klubbarbeid og vedlikehold slik at han og andre har så gode treningsmuligheter. Magne er klar over det arbeidet som klubbens medlemmer legger ned for at Elgane kan arrangere NM, og han ser det som en stor fordel og kunne starte sesongen på hjemmebane.


I år har det vært en fantastisk sesong. I NM i klassen MX 2 junior ble han sammenlagt nr.4, men overrasket mange da han sammenlagt ble nr.3 i den store klassen MX 2. Dette var svært bra gjort av en "fersking".

Målet til Magne i EM var at han skulle klare å kvalifisere seg. Det gikk greit, og han kjørte bl.a. inn til 2 topp 10 plasseringer. EM rundene ble kjørt i Bulgaria, Sverige, Italia, Tyskland, England og Tsjekkia.

Faren Per er alltid med på løp, han kjører Magne rundt i Europa i en spesialbygd bobil. Per har i år kjørt 35000km. Familien bruker all fritid på dette. Høydepunktet for Magne og familien var nok EM runden i Uddevalla i Sverige. Det er en runde som svært mange nordmenn tar turen til, det er ca 25 000 tilskuere. Svært mange familier fra Elgane og Bybergssanden og andre Vestlandsklubber

hadde tatt turen for å heie frem Magne. De møtte i supporter t-skjorter og norske flagg. Magne satte stor pris på heijengen, og han svarte med å gjøre det veldig spennende og kjørte inn til en fin 9.plass i det ene heatet. Sammenlagt i EM ble Magne nr.18, med samme poengsum som nr 15, så marginene er små.

Magne var i Italia og kjørte Junior VM. Det var en spesiell bane, så hard at det var gummispor i banen. Han fikk det ikke til og ble nr.24 - men en erfaring rikere. I år er det mye dette det har handlet om, få erfaring,



og så er det neste år det gjelder.

Magne satser nå fullt på sporten sin. Han var ferdig i 10.klasse i vår, og det var meningen han skulle begynne på NTG i Oslo. Men han har nå valgt og satse alt et par år på motocross. Landslagstrener Kenneth Gundersen, forøvrig tidenes beste norske motocrosskjører, er ikke i tvil om at unggutten gjør det eneste rette. Han sier Magne har et spesielt talent, og er det noen som kan

Elgane Motorsykkelklubb arrangerer **JULEBASAR**

lørdag 3. desember kl. 1200 på Klubbhuset på Elgane.

Mange fine gevinster. Det blir servering av grøt og pepperkaker. Ta turen til Elgane!

lykkes i norsk motocross, så er det nettopp Magne. Magne vil bli best, og da må han satse alt på dette. En kan ikke jobbe eller gå på skole i tillegg, dette krever alt av Magne hvis han skal lykkes.

Magne har derfor flyttet til Østlandet og får daglig veiledning av landslagstreneren.

Han skal trene og spise riktig, samt sørge for nok hvile. Magne har nå fått en unik sjanse, og nå er det opp til han. Han er selvfølgelig helt avhengig av støtte fra foreldrene sine, for det er ingen tvil om at det koster å drive på i dette nivået. Han har hatt noen sponsorer i år, og trenger flere til neste år.

Han skal bl.a. få spesialbygget to løpssykler til neste sesong.

Han var såvidt hjemme tre dager her forleden, og nå blir han på Østlandet frem til lille julaften, men da blir det godt å komme hjem til mormor på pinnekjøtt.

Magne var også nominert som årets debutant under Motorsportgallaen for noen helger siden. Han nådde ikke til topps, men bare det å være nominert til en slik pris er veldig stort. Elgane ønsker Magne lykke til med kommende sesong og stor-satsing.

Elin & Gunhild



FARGERIKE HALVORSEN
Varhaug - Tlf: 51 43 61 00

FARGERIKE



Varhaug

Rydding i sentrum

Ryddegjengen har vært i sving regelmessig i hele sommer og høst. Ifølge leder av gjengen, Eldar Odland, er det en stabil og «tru'en» gjeng som veit hva som må til for at Sentrum skal fremstå som ryddig og trivelig. Nå fekk di vel ikke all verden å gjera i sommer med vanning av sentrumsblomstene. Mye vær i sommer, og blomstene fikk medfart. Rydde-/vanningsgjengen var klar, men «modevind» og dårlige «tarre» gjorde at ingen i vårt distrikt blei utslitt av å vatna.

Vi må nok analysere plassering og oppsett av blomster til neste vår. Nå må me «skrøya» av dei blomsterarrangementene som var foran Rådhuset. Fine.

Nå seinhøstes har Jernbaneverket også dukka opp og beskjærer en del av det villniset dei har hatt. Vi forventer at dei også rydder etter seg. Viktig i traseen som går gjennom Sentrum. Venter fortsatt på at noen tar tak i «blekkskramlet» på Djuholsbrunå (brunå ved Losjebråde).

Det er stygge greie, snart sunnrusta. At eier ikke har spandert så godt som et malingsstrøk på 40 – 50 år er bare elendig.

Sånn ellers så har vi fortsatt ei «trist» bakside i Stasjonsvegen. Ting «rør på seg», men ting tar tid så vi får mest bare forbli i håpet om større aktivitet, inntil videre.

En oppfordring til bygdefolket til slutt, nå foran Jul. Benytt de lokale tilbudene så langt det er mulig og enda litt til. Vi har et begrensa utvalg av butikker og bransjer, men bruk dei vi har, litt ekstra ! Det er tøfft å drive butikk og handel på småsteder (Varhaug er et slikt, lite tettsted). Vil du ha et enda tynnere tilbud ja så reis ut or bygda og kjøp alt der, men kom ikke tilbake og klag på at det ikke er tilbud i Varhaug.

*Varhaug, nov 2011
Rune Odland*



Lufta gjekk ut av ballongen

Eg har i tidlegare nummer av Varhaugbuen skrive om ein møteplass i sentrum, som Turid Skretting og underteikna ivra for. Det er nå eit år sidan me snakka med kommunen første gongen om dette med tenke på litt økonomisk støtte. Då ikkje resultatet der var så positivt, sa Solveig og Rune Odland at me kunne få nytta festlokala deira. Kjempepositivt! Men dette vart det ikkje noko av då Turid skulle operera ei hofte, så dette vart lagt på is. Det vart etterlyst andre som kunne tenka seg å starta opp utan Turid, men det var det ikkje respons på. Turid var veldig gira på kva ein kunne få til av aktivitetar,

dersom ein hadde ein stad å vera, og ikkje minst få lit liv i eit heller daudt sentrum. Men då eg snakka med henne sist, sa ho at lufta hadde gått ut av ballongen. Me hadde nemleg vore i kontakt med kommunen nok ein gong. Etter det snakka me med eigarar av ledige lokale i sentrum, og fekk ein pris på romet me hadde bruk for. Dette sa me vidare til kommunen, og seinare har me ingen ting høyrte om den saka.

Det er ikkje berre hos Turid at lufta er gått ut av ballongen. Det har den gjort hos meg og.

Liv

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Inger Haugstad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Elisabeth Lutsi, bondelaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Ole Andreas Aarsland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymseleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no





Litt informasjon frå Varhaug bygdekvinnelag

Då Varhaug bygdekvinnelag hadde årsmøte 29. september 2011, hadde det ikkje lukkast valnemnda å få tak i nye til styret. Både leiaren Aud Håland, sekretæren Britt Skretting og styremedlem Leikny Aanestad takka for seg.

Desse var ikkje på val: nestleiar Aud Bratland Bø, kasserar Bjørg Reime Håland og studieleiar Liv Hobberstad.

Me 3 vil, saman med vararepresentanten Grete Skretting, som tok att-val, prøva å kjøra dette året utan fult styre. Det vert nok ikkje heilt enkelt, men me vil prøva å gjera det beste ut av situasjonen. Og så får me håpa at valnemnda får tak i yngre, friske krefter til neste år. Eit bygdekvinnelag på Varhaug må vel ha livets rett?

Programmet for laget vidare:

I oktober var det ikkje noko hos oss, då Nærbø bygdekvinnelag hadde ope møte med gynekolog Karen Time. Eit interessant møte med mange fram-

møtte. Det var veldig gildt at så mange frå Varhaug var der. Det tek me som eit positivt teikn på at bygdekvinnelaget har livets rett, og det ga oss fire eit puff til å stå på vidare. Det kan lova godt for framtida!

5. november arrangerte Rogaland bygdekvinnelag leiarsamling. Der møtte 2 frå styret; Aud Bratland Bø og Bjørg Reime Håland i tillegg til Oddbjørg Skrettingland. Dei fekk med seg ein interessant dag, der den nye fylkesleiaren, Liv H. Svendsen ynskte alle velkomne. Deretter var det nytt frå lokallaga, der laga fekk koma med det dei var opptekne med. Så var det orientering frå U-landsutvalet med Målfrid Stangeland, KFB nytt med Eva Eskeland og RBK si ferienemnd med Liv Karin Strand. Ho fortalde at turane til neste år ikkje var heilt i boks, men at nemnda og Anne Kari arbeidde med fleire gilde stader å reisa til. Til sist orienterte Målfrid Husebø litt om studiearbeidet.

Før gruppearbeidet starta, orienterte Ingrid Grete Henriksen frå NBK om prosjektet ho leiar: "Bygdekvinner opnar bygda – rausare, opnare og meir inkluderande. Ho var interessert i å høyra om arrangement som dei ymse laga skulle ha, eller hadde hatt, som kunne definerast under "Bygdekvinner opnar bygda".

Etter lunsjen gjekk Liv H. Svendsen gjennom nytt frå NBK og Anne Elise Mæle – nestleiar i fylket – tok for seg nytt i RBK. Deretter var ordet fritt, før dei 3 deltakarane frå Varhaug tok fatt på heimvegen. Og her passa det godt å slutta av slik som dei gamle stilane frå skulen: "Og alle var me samde om at dette hadde vore ein både gild og lærerik dag". (ABB)

Torsdag 24. november legg me møtet til "Fjoset til Eva" Sjå meir om dette annan stad i bladet.



Bjørg Reime Håland, Grethe Skretting og Aud Bratland Bø

Torsdag 8. desember vert det julemøte, som Ueland krinsen har ansvaret for.

Så ynskjer me alle ei fin julehelg og eit godt nytt år.

Tysdag 24. januar – merk dykk dagen - har Kari Nord-Varhaug innbede oss til å møte i "Fjoset på Reiest". Då kjem Grethe W. Øglænd og vil snakka og klede, eller Stil og Farge, om du vil. Kari ordnar med kaffi og litt å bita i. Elles vert det som vanleg på møta våre; åre sal, song og musikk og godt drøs.

Torsdag 23. februar vil me starta opp med studiering om "Bygdekvinnelaget opnar bygda". Møtet vil verta på Varhaug Skule og me vil prøva å få med oss både medlemar og andre. Kanskje kan det vera ein møteplass for nye innflyttarar i bygda?

I mars skjer det myke, det vert sone-møte på Nærbo og årsmøte i RBK i Eigersund 16. og 17. I tillegg skal me vera støttespelarar til Svala 4H når dei skal ha Stormøte med 4H arar frå heile fylket.

I april har me i mange år samarbeidt med Klokkargarden om møte. Der har det vore store endringar den seinare tid, men kanskje det kan verta eit

besøk på det nye Klokkartunet?

Mai har til vanleg vore månaden me reiser på tur, og me arbeidar med ein tur til Finnøy og krigshistorisk skodespel i regi av Ryfylke Livsgnist. Men dette kjem me tilbake til seinare.

Juni er det Varhaugmarken, der bygdekvinnelaget i alle åra har vore ein medspelar.

I juli er det ferie, og så kjem den årlege basaren i august. Til årsmøtet i september håper me alle på god oppslutnad om Varhaug bygdekvinnelag, slik at 2012/2013 både kan verta eit givande og samlande arbeidsår for bygdekvinnelaget.

Bygda treng laget, og me treng dykk!

Beste helsing frå oss 4 som skal gjere vårt for å få det beste ut av arbeidsåret 2011/2012.

Aud Bratland Bø (kontaktperson og postopnar), Bjørg Reime Håland (kasserar) Liv Hobberstad (studieleiar) og varamedlem Grethe Skretting.

Årsmøte Internatet

Det vert årsmøte i Internatet mandag 12. desember kl. 19.30. Innkalling med årsmelding og sakliste vert sende til eigarane.

Hallbasaren til VIL

Hallbasaren til VIL vert søndag 27. november kl. 13.00.

Var du ikkje heima då lodd-selgarane var ute, kan du få kjøpa lodd på Iden mandag - torsdag kl. 08-21.

JULEMØTE I BYGDEKVINNELAGET

Uelandkrinsen ber inn til julemøte på Ueland forsamlingshus
torsdag 8. desember kl. 19.30

Program: "Laust og fast" med Bjarne Undheim

Musikk ved Agnes og Irene

Juleevangeliet. Risgraut, kaker og kaffi, utlodding og allsong

Alle er velkomne, sær s bondelaget



Jæren Young Cowboys



Dei som har starta Jæren Young Cowboys: f.v Lene Iren Rangen, Bjarte Njå, Arild Helland og Hanne Varhaug Helland.

Mandag den 7.nov hadde Jæren Young Cowboys sitt fyrste arrangement med fjosbesøk hos Anette og Roy Kenneth Håland. Med 51 ungdommer og unge bønder som møtte opp, vart det ein kjekk og minnerik kveld.

Me he lenge misunnt ungdom og unge bøndar i Danmark for det miljøet dei har rundt storfe. Her har dei eigne ungdomsforeningar med kua i sentrum. Dei har arrangement som både gjer ungdommene faglig kunnskap og som trigger interessa. I tillegg har dei mykje sosialt kjekt i lag. Dersom ein går på faglege møter for bønder er det oftast eit stort fleirtal eldre. Me tykker det er trist at ikkje fleire unge møter

opp på desse møtene; Det er tross alt dei unge som skal bli bønder i framtida.

Dette var noe av bakgrunnen til at me ville prøve å starte ei ungdomsforening her på Jæren. Ungdomsforeninga har me valgt å kalla Jæren Young Cowboys og er for kuinteressert ungdom og unge bønder mellom 15 og 30 år.

Der me sat og tenkte, kom me fram at me måtte ha eit arrangement for å sjå om det var noko interesse for dette. Difor arrangerte me fjosbesøk hos Anette og Roy Kenneth Håland på Varhaug den 7. november. Spenninga var stor før kvelden.

Kvelden kom og den eine bilen etter den andre rulla inn framfor fjaset. Til og med eit par traktorar kom "rånane". Det kom ungdom frå mosterøy i nord til Dalane i sør. Når alle var komne var me heile 51 ungdom samla, kanonkjekt!

Programmet for kvelden var fyrst ein faglig bit, ein konkurranse, pizza, drøs og til slutt eit stiftelsesmøte for dei som ville vere med på det. I den faglige biten var me så heldige å få med Tore Joa frå Tine til å vise i praksis kva me ser etter når me bedømmer ei ku og kva som skal til for at ei ku skal fungera godt i fjaset. Her hadde han kyr han viste eksempel på. Etter han hadde gjort dette fekk alle som ville, prøve å eksteriorbedømme ei ku. Den som kom nermast Tore Joa (Fasiten) sitt svar fekk premier, og Morten Todnem stakk av med førstepremien. Deretter kom Pizzabakeren med deilig pizza som forsvant i ein rykande fart. Pizzaen vart sponsa av Norsk Holstein, Norsk Jersey og Geno. Heldigvis hadde me fått mykje gode produkt frå både Tine og Q-meieriet, så ingen gjekk heim svoltne. Her var kvelden over for dei som ikkje ville vere med på stiftelsesmøtet av Jæren Young Cowboys. Nokon få reiste heim, medan ein



ivrig gjeng vart igjen. Dette syns me var knall kjekt. Det vart og valgt styre med representantar frå heile Jæren.

Dei som ville kunne skrive seg på ei medlemsliste. Her var det 34 stk som skreiv seg på. Å vere medlem koster ingenting, og har den fordel at me i styret kan sende ut beskjed til medlemmene via mail/tlf når me har arrangemang.

Oppmøtet denne kvelden var over all forventning og at så mange vil vere medlemmer viser at det er interesse for at me skal ha ei ungdomsforening. Me vil takke alle som kom på kvelden, alle som sponsa oss, og håper at mange kjem neste gong me arrangerer noko.

Hadde du ikkje moglegheit til å delta på denne kvelden, men fortsatt kunne tenka deg å være medlem?

Send ein mail til leneiren@gmail.com der du oppgir namn, telefonnummer og mail.

Hanne Varhaug Helland

Dørkransar av blomar og pil

Så var dei tilbake på Lerbrekk skule nok ein gong. Klara Pil og Viola Krause med dei kjende produkta sine, og likeeins Wenche Eltervåg med duftande såper og lys.

Både laurdag 22. og sundag 23. november var det høve til å koma til Lerbrekk både for å sjå på utstillinga og å handla. Mykje fint var det, og Viola var veldig nøgd med dagane. Eg var innom for å sjå, og kanskje få med meg litt til Varhaugbuen, men eg kjøpte og kaffi/kaker og saft av dei flinke ungane i søre stova. Pengane frå dette salet skulle gå til ein skuletur med dei kvite bussane til Polen neste år.

Eg veit ikkje kor mange år det må vera før det vert kalla ein tradisjon, men eg trur sikkert dei er tilbake neste år og.

Liv



Haust takkegudsteneste



Det har i mange år vore tradisjon at bygdekvinnelaget pyntar i kyrkja denne dagen. Tidlegare år, då Ogna og Vigrestad og hadde bygdekvinnelag, var det annankvart år.

I år var det Aud Bratland Bø om hadde ansvaret for pyntinga. Saman med Bjørg Reime Håland og godt innspel frå Oddbjørg Skrettingland, gjorde ho ein kjempefin jobb. Det var gildt for meg å koma i kyrkja å sjå kor fint dei hadde fått det til med både blomar, rotvekster, korn og anna. Preika for dagen var om då Jesus metta 5000 med 2 fiskar og 5 brød. Kyrkja var heilt full, og det vart døypt mange born. Om det ikkje var 5000 som var samla, fekk alle den maten dei ville av "læresveinane".

Eg trur både små og store hadde ein gild og høgtidsam sundag i kyrkja.

Som vanleg ved denne takkegudstenesta, gjekk offeret til Rogalandsgarden i Kamerun, eller rettare Sambolobo der ein held på med eit vatn prosjekt.

Liv



Smoke on the water



RockHeavy konserten korpset hadde 11.11.11 ble virkelig en konsertopplevelse vi sjelden har hatt på Varhaug.

Publikum ble møtt av et fantastisk Rockeband, fra Varhaug Skulemusikkorps og gitarister fra kulturskolen. Dette var det virkelig trøkk i. Frank



Robert Andreassen var vokalist, og det ble en fantastisk konsert. Gamle rockeslagere kom på rekke og rad.

Konserten startet med et oppvarmingsband, også kalt juniorene, som og leverte.

Det var et supert publikum, som virkelig gav noe tilbake til musikerne. Når konserten var slutt, gav de seg ikke for det kom ekstranummer. Så da fikk vi "Smoke on the water", framført med lys, røyk, og lyd, nesten som det var selveste Deep Purple som var på scenen.

S.M.

DESIGNA®

Gunn Berit Frøyland og Monica Dubland jobbet på Bild Huset fra det åpnet i 2008, da med salg av Designa varer. (kjøkken, bad og garderobe)

Dette var et byggevarehus som hadde alt av varer til nybygg, oppussing osv.

Bild Huset gikk ikke så godt som forventet og det ble i desember 2010 besluttet å avvike det.

De stod dermed uten jobb.

De tidligere eierne hadde planen klar, og de ble tilbudt å overta driften av Designa.

Var jo ikke det beste tidspunktet det kom på da begge to var i etablererasen og i gang med husbygging på Varhaug, og ikke hadde så mye erfaring med det å drive en bedrift.

De hadde kun produktkunnskapene!

Men de fant fort ut at dette var en sjanse en kun får en gang i livet, så det var bare å hoppe i det.

ADVENTS-CAFE

for "hjelp til Russland" **lørdag 3.desember kl.11-16 på Kydland**
hjá Solfrid & Berge Kydland

Det vert sal av: graut og mykje anna heimelaga etanes bl.a "traktorvaffel"
- også glutenfritt - I år kan du prøve lukka i lynlotteriet!

Pengane går uavkorta til stiftelsen "hjelp til Russland" www.helprussia.no

Kaféen vert i garasjen, husk det kan bli kaldt!
Velkommen!

Graudafest på Lerbrekk skule

Torsdag 1. desember 2011 kl. 19.00

Otto Lauritz Fuglestad blir med og snakkar om Torvald Tu.

Servering av graut - lefsa - småkaker og kaffi.

Utloddning - Inngangspenger kr. 30,-

Hjarteleg vel møtt til en hyggeleg kveld i vennlaget

Påmelding innan måndag 28. november

til Sigbjørn tlf. 51 43 03 36 / mob. 970 53 731 eller Brit e-post:britob@online.no

Helsing styret

**Minner om
juletreffesten
fjerde juledag,
onsdag 28.12.
kl. 18.00**



Problem bru



1.juli 2009 hadde Brit Obrestad eit innlegg i Jærbladet om Lerbrekks brua. Varhaugbuen har ved fleire høve skrive om denne, som etter eit uhell 23 juni same år vart stengd etter at ein lastebil hadde køyrt seg fast. Me har vore i kontakt både med Jernbaneverket og Vegvesenet om dette fleire gonger, ja til og med sendt eit eksemplar

av Varhaugbuen til dei. Alle kjenner jo eventyret om "God Dag mann økseskaft", og her vert det omtrent slik. Det er ingen som tek ansvar for dette, og begge etatane skuldar på kvarandre. Kanskje må me prøva for 'ente gong å få samferdselsjef Eiterjord i tale?

Refleks...Refleks...Refleks...

Det er mørketid. Husk difor lys på sykkelen, refleks på kleda eller aller helst refleksvest når du ferdast ute i mørkret.

Irene Viste

maler giraffer og kameler



Nå er jeg på kaffi besøk hos Irene Viste, å ser på dei fine maleriene hun har laget i den siste tida.

Hun er en kreativ hobbymaler, det hele startet i 2002 da hun måtte finne på noe når vi andre sover.

Hun arbeider i nattpatrulien, og når hun har fri fra jobb, maler hun. Hun har gått på diverse kurs hos kjente malere som Odd Dubland dvs. en kurshelg ellers selvlært gjennom prøving og feiling.

Hun liker å male folk, giraffer, kameler og abstrakte bilder. Maleperioden er som regel om høsten, før jul og vinteren.

Disse bildene går til salg til kjente og kjære og diverse gaver. Dette er en kjekk hobby som vi andre nyter godt av!

Tusen takk for kaffien, og for et kjekt intervju.

Hilsen Elisabeth Lutsi

**Støtt opp om annonsørane våre,
dei støttar Varhaugbuen!**

Stoff-frist

Neste nummer av Varhaugbuen skal ut i veke 11 2012. Stoffrist er 25. februar. Dette kan de enten senda direkte til: livhob@online.no eller berre legga det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument
må bildene vedlegges som
egne filer i JPG format.**





VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AV PÅ



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag 07.00 - 16.00
Lørdag 09.00 - 13.00

Flytt sparepengene dine til oss!

Våre åpningstider

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag:

kl. 09.00-15.00

Torsdag:

kl. 09.00-17.30

TIME  **SPAREBANK**
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no